

Forskrift for handtering av hushaldsavfall o.a. – BIR, Askøy, Bergen, Fusa, Kvam, Os, Osterøy, Samnanger, Sund og Vaksdal kommunar, Hordaland.

Fastsett av Askøy kommunestyre 21/9-06, Bergen bystyre 11/12-06, Fusa kommunestyre 26/09-06, Kvam heradsstyre 05/09-06, Os kommunestyre 19/09-06, Osterøy kommunestyre 13/09-06, Samnanger kommunestyre 14/09-06, Sund kommunestyre 05/09-06 og Vaksdal kommunestyre 25/09-06 med heimel i lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensningar og om avfall (forureiningslova) § 30, § 33, § 34 § 37, § 79, § 83 og § 85.

§ 1 Formålet med forskrifta

Forskrifta har som formål å redusere avfallsmengda og fremje betre behandling av hushaldsavfall, verne det ytre miljøet mot forureining og redusere eksisterande forureining gjennom miljømessig og økonomisk forsvarleg handtering av slikt avfall.

Forskrifta regulerer innkrevjing av avfallsgebyr.

§ 2 Verkeområde

1. Forskrifta gjeld for kommunane Askøy, Bergen, Fusa, Kvam, Os, Osterøy, Samnanger, Sund og Vaksdal.
2. Forskrifta gjeld for all handtering, også levering, oppsamling, innsamling, transport, gjenvinning og sluttbehandling, av hushaldsavfall.
3. Forskrifta gjeld for alle produsentar av hushaldsavfall.

§ 3 Avfallsgebyrpliktige bustader o.a.

1. Alle bustader med privat hushald der det blir produsert hushaldsavfall, er avfallsgebyrpliktige etter denne forskrifta.
2. Med hushaldsavfall meiner ein i denne forskrifta kasserte lausøyregjenstandar eller stoff, medrekna større gjenstandar som inventar eller liknande frå private hushald.
3. Med bustad meiner ein i denne forskrifta alle sjølvstendige brukseiningar i permanent oppsett byggverk, inklusive fritidseigedom, hytte, campingvogn o.a. Med sjølvstendig brukseining meiner ein brukseining som gir høve til kvile og matstell innanfor brukseininga. Med permanent meiner ein i denne forskrifta brukseining som gir høve til bruk, eller som har vore i bruk, i meir enn tre månader.
4. Likt med bustad etter denne forskrifta reknar ein hybel, enkelt burom eller anna innehavsforhold til privat bruk som gir tilgang til kjøkken eller anna innretning for matstell.
5. I tvilstilfelle avgjer kommunen kva som er avfallsgebyrpliktige bustader og fritidsbustader o.a.

§ 4 Plikt til å betale avfallsgebyr

Abonnten pliktar å betale avfallsgebyr. Med abonnent meiner ein i denne forskrifta

1. eigar eller festar av registrert grunneigedom eller seksjonert del av slik eigedom med bustad på som er omfatta av § 3 i denne forskrifta
2. den som kvittar seg med, leverer eller bringar avfall som er omfatta av denne forskrifta, til særskilt mottak for slikt avfall

§ 5 Kommunal innsamling av avfall

1. I kommunane Askøy, Bergen, Fusa, Kvam, Os, Osterøy, Samnanger, Sund og Vaksdal er det lovpålagd innsamling av hushaldsavfall.
2. Kommunen kan etter grunngitt skriftleg søknad, og etter at kommunehelseansvarleg har uttalt seg, gi dispensasjon for særskilde bustader.
3. Kommunen kan ved generelle føresegner eller i det konkrete tilfellet stille krav til den enkelte abonnenten eller avfallsprodusenten om kjeldesortering og leveringsmetode for dei ulike fraksjonane av hushaldsavfallet for å sikre ei økonomisk og miljø- og ressursmessig optimal handtering og disponering av avfallet.
4. Utan skriftleg løyve frå kommunen kan ingen samle inn hushaldsavfall.
5. Det er ikkje lov å deponere avfall utanom godkjent avfallsanlegg. Det er heller ikkje lov å brenne avfall utanom godkjent anlegg, slik at det kan medføre fare for forureining eller hygieniske ulemper for omgivnadene. Det er heller ikkje lov å grave ned eller leggje frå seg avfall i naturen eller andre stader.

§ 6 Avfall som ikkje er omfatta av kommunal innsamling

1. Næringsavfall er ikkje omfatta av lovpålagd kommunal avfallsordning.
2. Med næringsavfall meiner ein i denne forskrifta avfall frå offentlege og private verksemdar og institusjonar, mellom anna
 - problemavfall som er smittefarleg, eller som ein kan skjere eller stikke seg på, og biologisk avfall som av helsemessige årsaker krev særskild handtering
 - patologisk avfall, som er avfall frå sjukehus, legekantar o.a. som inneheld kroppsdelar, kroppsvæske eller vevsprøver
3. Næringsavfall skal bringast til lovleg avfallsmottak med mindre det blir gjenvunne eller brukt på annan måte. Brenning av næringsavfall er berre lov i godkjende anlegg.
4. Avfallsinnehavar må sjølv sørge for å bringe farleg avfall og næringsavfall til godkjent behandlingssanlegg eller til anna godkjend sluttbehandling.

§ 7 Krav til sortering o.a. av avfallet

1. Alt hushaldsavfall skal kjeldesortrast og gjerast tilgjengeleg for kommunal oppsamling, innsamling, transport, gjenvinning og sluttbehandling i samsvar med det som står nedanfor.
2. Der det er etablert godkjend innsamlingsordning for sorterte fraksjonar av hushaldsavfallet (til dømes glas og papir), skal dette avfallet bringast og leverast til returpunkt eller gjenvinningsstasjon.
3. Der det er utplassert eigne oppsamlingseiningar for sorterte fraksjonar av hushaldsavfallet (til dømes papir), skal dette avfallet sortrast og plasserast i slike oppsamlingseiningar.

4. Med oppsamlingseining meiner ein i denne forskrifta container eller behaldar, medrekna mellom anna sekk og bossuganlegg.
5. Hushaldsavfall som er for stort eller tungt til å kunne leggjast i utplasserte oppsamlingseiningar eller leverast til returpunkt, inklusive elektriske artiklar, trevirke, hageavfall, metall o.a., skal leverast til godkjend gjenvinningsstasjon.
6. Hageavfall bør, så langt det er mogleg, komposterast eller leverast til godkjend gjenvinningsstasjon med eigen mottaksplass for hageavfall.
7. Hushaldsavfall som blir karakterisert som farleg avfall idet det kan føre til alvorleg forureining eller fare for skade på menneske eller dyr, skal leverast ved godkjend gjenvinningsstasjon eller mottak for farleg avfall.
8. Kjeldesorterte fraksjonar skal haldast frå kvarandre og ikkje blandast saman med andre avfallsfraksjonar.
9. Avfall som ikkje skal leverast som kjeldesortert hushaldsavfall i samsvar med ovanstående, er i denne forskrifta kalla restavfall.
10. Restavfall skal leggjast i egne utplasserte oppsamlingseiningar som er meinte for slikt avfall. Fuktig avfall, skarpe eller knuselege gjenstandar, sprøytespissar o.a. skal vere forsvarleg innpakka før plassering i oppsamlingseininga. Oske, avfall frå støvsugar og anna avfall som kan gi støvplage, må vere emballert, slik at det ikkje oppstår støvplage under innsamling. Varm oske må avkjølast heilt før ho blir emballert og lagd i oppsamlingseininga. Flytande avfall skal ikkje leggjast i oppsamlingseininga. I oppsamlingseininga må det ikkje leggjast større metallgjenstandar, stein og jord, større mengder hageavfall, sand/grus eller bygningsavfall. I oppsamlingseininga må det heller ikkje leggjast etsande, eksplosivt eller sjølvtenneleg avfall eller anna farleg avfall.
11. Alt avfall som blir levert til kommunal avfallshandtering, kan komme til å bli manuelt sortert eller kontrollert. Avfall som inneheld opplysningar eller anna som ikkje skal komme andre til kunnskap, må makulerast før slik levering.

§ 8 Kompostering

Abonnentar som har eige uteareal som er eigna for bruk av kompost, kan inngå avtale om heimekompostering av våtorganisk avfall. Med våtorganisk avfall forstås ein i denne forskrifta lett nedbrytbart organisk avfall som matavfall, planterestar, hageavfall, kattesand og vått hushaldspapir. Komposteringa skal skje i ein godkjend behaldar som abonnenten sjølv må skaffe. Komposteringa skal skje på ein hygienisk tilfredsstillande måte som ikkje tiltrekkjer seg skadedyr, gir sigevatn eller vond lukt eller verkar sjenerande for omgivnadene.

§ 9 Pliktene til abonnenten

1. Abonnenten er ansvarleg for at hushaldsavfall blir gjort tilgjengeleg for kommunen slik det går fram av denne forskrifta.
2. Abonnenten pliktar å handtere og sortere hushaldsavfallet i samsvar med § 7 i forskrifta.
3. Ingen må nytte private oppsamlingseiningar til bruk for innsamling av hushaldsavfall med mindre slike oppsamlingseiningar er pålagde abonnentane i samsvar med punkt 7. Abonnenten er ansvarleg for lovleg utsetjing av oppsamlingseiningar til bruk for innsamling av kjeldesorterte fraksjonar og restavfall, slik at plasseringa deira ikkje kjem i strid med private eller offentlege krav til slik plassering. Det skal takast særleg omsyn til at plasseringa ikkje er uestetisk, valdar fare for helse eller går ut over branntryggleik og framkomsttilhøve.

Abonnenten skal bringe oppsamlingseininga tilbake frå hentestaden til privat oppstillingsplass same dagen som han er tømt.

¹ For Bergen kommune gjeld følgjande i § 9 pkt. 3:

Oppsamlingseining som kan plasserast på privat oppstillingsplass, skal ikkje setjast på fortau eller offentleg veggrunn utanom tømmedagen.

4. Abonnten er ansvarleg for at oppsamlingseiningane er tilgjengelege for kommunal innsamling.
 - Hentestaden, som er den staden der oppsamlingseininga blir gjort tilgjengeleg for tømning, skal liggje ved køyrbar veg og vere lett tilgjengeleg. På hentestaden skal oppsamlingseininga plasserast lett tilgjengeleg på eit plant og fast underlag på bakkenivå. Det skal setjast av tilstrekkeleg areal til plassering og handtering av oppsamlingseininga. Oppsamlingseininga skal plasserast slik at renovatøren ikkje blir plaga av husdyr. Dersom plasseringa av ei oppsamlingseining utgjer ein skaderisiko, går ut over arbeidsmiljøet til renovatøren eller fører til andre ulemper, skal oppsamlingseininga omplasserast. Abonnten er ansvarleg for at oppsamlingseininga ikkje valdar skade. Om nødvendig skal abonnten etablere sikringsordningar som hindrar at oppsamlingseininga beveger seg, veltar eller liknande. Sikringsordninga skal likevel ikkje vere til hinder for renovatøren sitt arbeid.
 - Privat tilkomstveg som renovatøren nyttar fram til hentestaden for oppsamlingseiningar, skal vere køyrbar for større køyretøy og ha gode nok snuforhold. Privat tilkomstveg skal tåle akseltrykk på 8 tonn, ha vegbreidd på minimum 3,0 meter og fri høgd på minimum 4,0 meter. Ved bruk av privat tilkomstveg skal det liggje føre skriftleg stadfesting på rett til bruk av vegen i samband med innsamling av hushaldsavfall.
 - Transportveg som er veg for manuell transport av oppsamlingseiningar, skal gi problemfri transport av oppsamlingseiningane og vere fri for trapper og andre hindringar som sykklar, barnevogner, klessnorer etc. Dersom dører, portar eller liknande må passerast for transport av oppsamlingseiningar, skal dei utstyrast med innretningar som låser dør, port eller liknande i open stilling. Alle tersklar og vertikale hindringar må utstyrast med faste køyreramper med maks helling 1 : 4.
 - I samband med snøfall eller frost må privat tilkomstveg, transportveg og hentestad vere tilstrekkeleg rydda, sandstrødd og utan fare for takras o.l. Det kan i slike periodar bli gitt påbod om å plassere oppsamlingseiningane ein annan stad.
5. Oppsamlingseininga må vere tilgjengeleg på hentestaden innan klokka 06.00 tømmedagen for at abonnten skal ha krav på innsamling. Oppsamlingseininga skal ikkje vere fylt meir enn at lokket lett kan lukkast, og elles slik at hygieniske ulemper ikkje kan oppstå. Avfallet må vere forsvarleg innpakka og skal ikkje pakkast fastare enn at eininga kan tømast på ein grei måte. Det er ikkje lov å fylle oppsamlingseiningane slik at vekta overstig 30 kg / 140 liter behaldarvolum. På vinterstid er abonnten ansvarleg for at avfallet ikkje er frose fast og dermed ikkje lèt seg tømme.
- 6 Eventuelle endringar i abonnementsforholdet skal omgåande meldast til den som er ansvarleg for innsamlinga av hushaldsavfall.
- 7 Abonnten skal ikkje fjerne eller flytte oppsamlingseiningar ved endringar i bruks- og eigarforhold eller andre forhold.
- 8 Kommunen kan påleggje abonnentar å nytte felles oppsamlingseining, å installere bossuganlegg eller andre eigna renovasjonsordningar når det er ønskeleg. Kommunen kan òg påleggje abonnentar å auke volumet på oppsamlingseiningane når det er tilrådeleg eller nødvendig. Kommunen kan påleggje abonnentar å heilt eller delvis bere kostnaden ved slike renovasjonsordningar og påleggje abonnentane fullt eller delvis ansvar for vedlikehald og utskifting.

§ 10 Pliktene til kommunen

1. Kommunen sitt ansvar for levering, oppsamling, innsamling, transport, gjenvinning og sluttbehandling av hushaldsavfall blir skjøyt av det interkommunale renovasjonsselskapet BIR Privat AS.
2. BIR Privat AS har ansvaret for å skaffe og setje ut oppsamlingseiningar. Det skal plasserast ut mange nok oppsamlingseiningar av rett type til at ein kan nå formålet med denne forskrifta, jf. § 1. Fleire abonnentar kan påleggjast å nytte felles oppsamlingseining. BIR Privat AS skal reparere og skifte ut oppsamlingseiningane når det er nødvendig eller tilrådeleg.
3. Kommunen pliktar å hente hushaldsavfall som er gjort tilgjengeleg for kommunen i samsvar med § 9 i forskrifta. Kommunen kan i enkelttilfelle dispensere frå § 9 nr. 5 i forskrifta. Slik dispensasjon kan utløyse eit avfallsgebyr, jf. § 11.
4. Innsamling av hushaldsavfall frå fritidseigedommar, hytter og elles frå abonnentar som er omfatta av hytter renovasjon, kan skje ved at kommunen etablerer felles hentestad med felles oppsamlingseiningar som berre skal brukast av desse abonnentane. Kommunen har ansvar for reinhald og vedlikehald av slike hentestader og oppsamlingseiningar.
5. Innsamling og tømning skal skje på ein slik måte at ulemper i form av støv, støy, lukt og liknande blir avgrensa. Under transport skal avfallet vere sikra, slik at ikkje noko fell av eller søler til plass eller veg. Eventuelt søl frå tømninga skal fjernast av renovatøren.
6. Opningstider for gjenvinningsstasjonar, returpunkt og andre mottak for hushaldsavfall og tidspunkt for henting av oppsamlingseiningar skal kunngjerast på eigna måte. Returpunkta skal ha estetisk utforming som er tilpassa omgivnadene, og ein kapasitet og tømmeffrekvens som er tilstrekkeleg for å hindre forsøpling og motivere til gjenvinning.
7. Ved endring i tømmerutinar og andre vesentlege forhold i den kommunale avfallsordninga skal abonnenten varslast i god tid og på ein fornuftig måte.

§ 11 Avfallsgebyr

1. Storleiken på avfallsgebyret og eventuelle differensierte gebyrsatsar blir fastsette kvart år av kommunen i gebyrvedtaket.
2. Abonnentar som nemnt i § 4 nr. 1 skal betale avfallsgebyr for kvar heile kalendermånad dei er omfatta av forskrifta, men likevel slik at gebyrplikta for nyteikna abonnement først gjeld frå den første i månaden etter at abonnenten er omfatta av forskrifta. Om plikt til å melde endringar i abonnementsforholdet – sjå § 9 nr. 6.
3. Kommunen kan delegere ansvaret for innkrevjing av avfallsgebyr til BIR Privat AS.

§ 12 Innkrevjing og renter

Avfallsgebyr med tillegg for løpande renter og kostnader er sikra ved lovbestemt pant etter pantelova § 6–1. Når det gjeld renteplikt ved for sein betaling og inndrivning av avfallsgebyr, gjeld reglane i lov av 6. juni 1975 nr. 29 om eiendomsskatt til kommunene §§ 25, 26 og 27 tilsvarande.

§ 13 Delegasjon

Kompetansen til å fatte enkeltvedtak som er tillagde kommunen etter § 3 nr. 5, § 5 nr. 2 og 3, § 9 nr. 8, § 10 nr. 3 og § 15 i denne forskrifta, er delegert til BIR Privat AS med heimel i foreiningslova § 83.

§ 14 Høve til å klage

1. Enkeltvedtak fatta i medhald av denne forskrifta kan påklagast, jf. § 2b i forvaltingslova og § 85 i forureiningslova.
2. Klage over enkeltvedtak fatta i medhald av denne forskrifta skal sendast til BIR Privat AS. Dersom klaga ikkje blir teken til følge, skal ho leggjast fram for ei særskilt oppretta klagenemnd.

§ 15 Sanksjonar og straff

Brot på §§ 5–9 i denne forskrifta kan føre til krav om retting eller pålegg om utbetring i samsvar med vedtak fatta av kommunen. Kommunen kan påleggje den som bryt §§ 5–9 i denne forskrifta, å heilt eller delvis bere kostnadene til retting eller utbetring av forskriftsstridige forhold.

Brot på §§ 5–9 i denne forskrifta blir straffa med bøter, jf. forureiningslova § 79 andre leddet.

§ 16 Forholdet til anna lovgiving

Denne forskrifta innskrenkar ikkje og avgrensar ikkje dei pliktene som følgjer av helselovgivning, eller forskrift gitt i medhald av slik lovgiving, som regulerer forureining og handtering av avfall.

§ 17 Iverksetjing

Denne forskrifta trer i kraft etter kommunalt vedtak og offentleg kunngjering. Frå same tid blir tidlegare forskrift for innsamling av forbruksavfall – BIR og forskrift for innsamling av problemavfall oppheva.

§ 6 nr. 1 i denne forskrifta trer ikkje i kraft for våtorganisk avfall frå storhushald før forskrift for innsamling av matrestar frå storkjøkken er oppheva.

**